

TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNEBESØK I KLEPP KOMMUNE 3. FEBRUAR 2000.

INNLEIING

Statens utdanningskontor var på kommunebesøk i Klepp kommune 3. februar 2000. Utdanningskontoret sitt føremål med slike besøk er å fremje dialog og kontakt og å få konkret kunnskap om situasjonen i kommunen. Med utgangspunkt i ny opplæringslov og arbeidet med innføringa av L97, vart det fokusert på kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering, og særleg på utviklingstiltak knytte til ungdomssteget. Klepp kommune planla detaljane i programmet saman med utdanningskontoret og sende inn utfyllande dokument før besøket. Utdanningskontoret er godt nøgd med førearbeidet.

Ved kommunebesøket i Klepp deltok følgjande frå kommunen: Ordførar Elfin Lea, leiar av opplæringsstyret Hans Voll, rådmann Ivar Undheim, opplæringssjef Trond Roy Pedersen, assisterande opplæringssjef Sigurd Aukland, leiar for PPT Kari Hole og leiar i kommunalt FAU Sigvart Zakkariassen. I tillegg deltok desse ved skolebesøka: Ved Klepp ungdomsskole rektor Egil Bore og elevrådsrepresentantane Karina Kojedal Bjørkedal og Leif Olav Salte, ved Orstad skole rektor Knut Nordahl og inspektør Njål Liland.

Frå utdanningskontoret deltok assisterande direktør Sølvi Ona Gjul og rådgivar Audun Gjerde.

Rapporten er skriven med utgangspunkt i kommunebesøket, innsende dokument og annan kontakt mellom utdanningskontoret og Klepp kommune.

KVALITETSUTVIKLING OG KVALITETSVURDERING

Utviklingsarbeid

Opplæringsetaten i Klepp kommune framstår som utviklingsretta, vaken for nye idear og medviten om at det må arbeidast på mange arenaer og område når ein ønskjer å endre praksis i klasserommet. Det blir arbeidd godt med kvalitetsutvikling i skolen sjølv om det også her er variasjonar skolane i mellom. Utdanningsdirektøren registrerte at barnesteget etter kommunen si vurdering jamt over har kome lenger enn ungdomssteget når det gjeld å realisere intensjonane i L97, og at det særleg er dei reine ungdomsskolane som enno har mykje ugjort. Informasjon og observasjonar ved skolebesøka syntest å stadfeste dette.

Det er lagt vekt på tiltak for å styrkje tilpassa opplæring og leggje til rette for auka elevaktivitet, og det er arbeidd med m.a. organisering av skoledagen, miljøretta reinhald og økonomisk sjølvstyrte skolar. Både barne- og ungdomssteget erkjenner at det må arbeidast for å skape større elevmedverknad.

Representanten frå FAU peika på at det må haldast betre kontakt med foreldra om utviklingsarbeidet, og han poengterte at dei reine ungdomsskolane mellom foreldra ofte blir oppfatta som "bakstreverske" i høve til måla i L97. Opplæringsetaten erkjende at det har vore og er problem knytte til gjennomføringa av L97 på ungdomssteget, men understreka også at etaten arbeider målmedvite med dette.

Kommunen gjennomfører leiingsprogrammet "Leiing inn i år 2000" saman med Hå kommune og i samarbeid med Høgskolen i Agder. Kompetanseutviklingstiltaka elles er gjennomførte i tråd med innsende planar. Kommunen peika vidare på at ein i samband med utvikling av den spesialpedagogiske kompetansen justerte stipendreglementet med svært vellukka effekt, og kommunen har no god dekning på dette området.

Forsøk

Klepp kommune har søkt departementet om godkjenning av forsøk etter §1-4 i den nye opplæringslova. Forsøket gjeld alternativ vurdering på ungdomssteget. Departementet har no behandla søknaden og gitt positivt svar. Vi er lei for at behandlinga har teke lang tid.

Kommunen arbeider også med førebuinga til eit prosjekt i samarbeid med lærarorganisasjonane som inneber både utviklingstiltak og forsøksverksemd, det såkalla Fase-prosjektet.

Siktemålet for søknader om avvik frå lov, forskrift og avtaleverk er i følge kommunen å utvikle ein framtidretta skole som set elevaktivitet og elevane si læring i sentrum, og som samstundes ivaretek lærarane sine interesser. Etter det utdanningsdirektøren kan sjå, kjem initiativ til forsøk både frå opplæringskontoret og frå skolane sjølve, og det er lagt vekt på samarbeid med lærarorganisasjonane. Breidda i samarbeidet er etter vårt syn ein viktig variabel når det gjeld å lukkast i forsøksarbeid, og vi har merka oss at også representantar for elevar og foreldre skal delta i ei utviklingsgruppe i Faseprosjektet. Vi vil peike på at det er viktig med grundig informasjon til alle elevar og foreldre, særleg for dei delane av forsøket som gjeld fag- og timebyteplanen.

Skolevurdering

Utdanningsdirektøren vil framheve som særleg positivt at opplæringsetaten har utarbeidd skjema for skolevurdering på utvalde område med vurderingskriterier for kvart område. Etter det vi har fått opplyst, er vurderingsprosessen utforma slik at både elevar, foreldre og tilsette deltar aktivt, og politikarane blir informerte om resultatet.

Styrings- og plandokumenta elles gir inntrykk av å vera heilskaplege og tenlege. Dei gir rom for lokale val og prioriteringar på bakgrunn av systematisk vurdering, men gir samstundes retninga for utviklingstiltak. Ein fireårig strategiplan er under utarbeiding i opplæringsetaten, og her vil utviklingsarbeid på ungdomssteget og auka elev- og foreldremedverknad vere sentrale område.

Kontakten mellom opplæringsetaten og skolane ser ut til å vera god. Alle skolane har plangrupper der teamleiarane og leiinga er med, og opplæringsavdelinga arbeider for å få faste møte med desse plangruppene. Avdelinga har også medarbeidarsamtalar med rektorane til faste tider.

Etter vår vurdering er Klepp kommune komen langt i arbeidet med å imøtekomme krava i forskrifta om skolebasert vurdering.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi

Det er i snitt 11,9 elevar pr. maskin i grunnskolen i Klepp, og dette er om lag det same som landsgjennomsnittet. Maskinane er stort sett samla i eigne rom, men plasseringa er for tida under vurdering ved skolane med tanke på å gi betre læringstilhøve. Alle skolane har internett-tilkopling.

Musikk- og kulturskoletilbudet

Klepp kommune har eit godt utbygd tilbod og samarbeider med Time kommune om fleire aktivitetar, m.a. ballett, ”Musikk ved livets begynnelse” og biletkunst. Etter nokre år med nedgang i elevtalet er det no god søking til musikk- og kulturskolen. Utdanningsdirektøren ser det som positivt at kommunar samarbeider om å utvide tilbodet til barn og unge på dette området.

Skolefritidsordninga

Kommunen gir alle som søker, plass i skolefritidsordninga. Betalingsattsane er noko høgare enn gjennomsnittet i fylket. I årsmeldinga frå opplæringssetaten blir det peika på at det må vere eit mål å ikkje ha så høge satsar at barn som treng eit tilbod i SFO, blir ekskluderte.

Skolebesøk

Besøket i Klepp vart gjennomført med møte på Klepp ungdomsskole og Orstad skole. Vi fekk orientering om skolen og høve til å møte elevar og lærarar i arbeid begge stader. På Klepp ungdomsskole deltok elevrådsleiaren og eit medlem i elevrådet i størstedelen av besøket, og dei gav nyttig informasjon. Dei peika m.a. på at dei var samde med rektor om at skolen ikkje var komen langt nok i utviklinga når det gjeld elevmedverknad på klassenivå, men at dei hadde opplevd ei positiv utvikling siste året, m.a. ved at lærarane gav elevane større handlingsrom enn før, at det var meir arbeid på tvers av fag og steg, og at det var betre tilgang på IKT-utstyr. Det var elles ikkje faste møte mellom rektor og elevrådsleiar.

På Orstad skole fekk vi møte ulike klassar på barnesteget i arbeid, og det vi såg, stadfesta det som vart sagt om vektlegging av elevaktivitet. Orstad skole framstod elles som ein utviklingsretta skole med vilje til å satse på tiltak for å verkeleggjere intensjonane i L97. Rektor peika på at tilpassa opplæring og større elevmedverknad representerer store utfordringar.

ØKONOMI OG FORVALTNING

Skoleanlegg

Etter utdanningsdirektøren si vurdering har kommunen ei rimeleg satsing på skoleanlegg, og anlegga er etter det vi veit, jamt over gode og tenlege. Vi registrerte at ”turen” no er komen til Klepp ungdomsskole som treng fornying og utbygging. Kommunen har ikkje avgjort om skolebygget skal rehabiliterast eller om det skal byggjast nytt. Kommunen opplyste elles at det er satsa på rehabilitering og utbygging med vekt på gode løysingar når det gjeld tilrettelegging for L97, inneklima og arbeidsplassar for personalet. Elevtalet veks, med særleg press i Orstad-området, og kommunen må rekne med store investeringar også i komande år. Ny skolebruksplan er under utarbeiding for perioden 2000-2010. I følgje opplæringsjefen er det signalisert frå politikarane at det skal vere ro om skolestrukturen i inneverande periode. Alle skolane med unntak av Klepp ungdomsskole er godkjende etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar. For denne skolen er det gitt pålegg om utarbeiding av ein plan i løpet av våren 2000, og skolen er dessutan ”hovudsaka” i ny skolebruksplan.

Driftsrammer

Opplæringssektoren sin del av samla driftsrammer har variert mellom i underkant av 42 % og vel 44 % dei siste seks åra. Rekneskapstala for 1998, dei sist tilgjengelege, viser at sektoren sin del var 44,22 %. Samstundes går det fram at 86 % av driftsramma på hovudkapittel 1.2 var bunden til lønn - høgare enn både snittet for Rogaland, for landet og for kommunar med 10-

20 000 inbyggjarar. Dette kan tyde på at rammene Klepp kommune gir til utstyr, læremiddel, materiell, m.v. er i trongaste laget.

Også når det gjeld samla timeressursramme, altså den delen av driftsramma som er bunden til lønn, ligg Klepp kommune noko lågare enn snittet for Rogaland og snittet for landet for inneverande skoleår. Medan årstimane i prosent av minstetimetallet er 177 % for Klepp, er snittet for Rogaland 182 % og for landet 184 %. Klepp brukar også mindre til generell styrking og til spesialundervisning. Sidan Klepp kommune har den klart lågaste delen av elevar med spesialundervisning, er det ikkje uventa at det blir brukt mindre ressursar på denne gruppa. Men samstundes skulle ein tru at behovet vart større for generelle styrkingsressursar når fleire elevar skal hjelpast innafor denne ramma. Det er nemleg ingen grunn til å tru at Klepp har færre elevar med behov for tilrettelegging enn andre kommunar. Det kom då også fram i møtet med kommunen at det etter opplæringsetaten si vurdering er behov for ei styrking av rammetimetallet med minst fire stillingar for å kunne gi eit forsvarleg tilbod til elevar med moderate vanskar. Opplæringssjefen peika elles på behov for auka ressursar til leing og til materiell og vedlikehald.

Etter utdanningsdirektøren si vurdering bør Klepp kommune prioritere å styrkje den samla driftsramma til skolen slik at det blir gitt rimelege vilkår både for den ordinære drifta og for det utviklings- og forsøksarbeidet kommunen ønskjer å satse på til beste for elevane.

Kommunen har sett i gang forsøk med økonomisk sjølvstyre for den einskilde skolen/barnehagen, og meiner at erfaringane så langt er gode. Av årsmeldinga frå opplæringsetaten går det fram at etaten i 1999 har eit samla overskott på 1,8 % av netto driftsramme, eller vel 1,8 mill kr, og opplæringssjefen meiner ordninga med økonomisk sjølvstyre er den viktigaste årsaka til overskotet. For skolane sin del skuldast det meste av overskotet at det er halde att på lærarløn. Dersom skolane både etterspør auka timerammer og samstundes greier å spare, bør det etter vårt skjøn vurderast å gi føringar for sjølvstyret.

Spesialundervisning/ordinær opplæring

Som nemnt ovanfor, har Klepp kommune den lågaste delen av elevar med spesialundervisning – berre 2,8 % av elevane i Klepp får spesialundervisning etter enkeltvedtak. Elles i fylket og i landet er gjennomsnittet 6,1 %. Sidan det frå ulike hald er blitt hevda at nokre kommunar opererer med kriteriegrensar når det gjeld utval av elevar med rett til spesialundervisning, vart Klepp kommune førespurt om kommunen har sett slike grensar. Opplæringssjefen avviste dette og slo fast at kommunen følgjer kravet i lova om ei konkret individuell vurdering av rett til spesialundervisning i det einskilde tilfellet.

Vi viser elles til det som er sagt ovanfor om ressursar både til elevar som får spesialundervisning og til elevar som får hjelp innafor ordinære rammer. Når det gjeld forvaltninga, viser vi til brevet vårt av 03.12.99 om klagebehandlinga 1999. Vi vil oppmode kommunen om jamt å vurdere rettstryggleiken for elevar med særskilde behov. Dersom rammene til ordinær opplæring er så tronge at elevar med moderate vanskar ikkje får den hjelpa dei treng, vil dei kunne ha rett til spesialundervisning. Vi har likevel merka oss at talet på tilvisningar til PP-tenesta har gått ned. Dette kan tyde på at det tilbodet elevane får innafor ordinære rammer, stort sett blir oppfatta som forsvarleg.

Det vart elles kort gjort greie for rutinar på det spesialpedagogiske feltet, og opplæringsetaten la også fram skisse til eit prosjekt med tanke på å forenkla saksbehandlinga på dette området og inviterte til samarbeid. Utdanningsdirektøren gav uformelt positiv respons, men det må

sjølvsagt avklarast på formelt vis kva rammer deltaking i eit evt. prosjekt skal ha. Vi ventar at Klepp kommune tar dette opp med utdanningsdirektøren i eiga sak.

UTVIKLINGSOMRÅDE FOR KOMMUNEN

Ved ulike høve gjennom besøket peika kommunen sine representantar på at det er ei utfordring å sikre betre elev- og foreldremedverknad i skolen. Etter det utdanningsdirektøren kan sjå, er elev- og foreldremedverknad også i Klepp rimeleg godt sikra i meir formelle samanhengar, t.d. er både elevar og foreldre representerte i arbeidet med ny strategiplan. Det er styrking av elev- og foreldremedverknaden knytt til det daglege arbeidet i klasserommet som er hovudutfordringa, og det er rett av kommunen å ha dette som eit sentralt utviklingsområde i den nye strategiplanen.

Opplæringssjefen opplyste at det er etablert gode rutinar for å sikre gode overgangar mellom barnehage og skole og mellom dei ulike stega i grunnskolen. Han konstaterte at det har vore vanskeleg å få til samarbeid med fylkeskommunen for å betre overgangen til vidaregåande opplæring. Utdanningsdirektøren vil oppmode kommunen om framleis å prøve å medverke til betre kontakt med fylkeskommunen om dette.

Kommunen ønskjer å følgje opp intensjonane i St meld nr 23 om at spesialundervisning skal vera for dei få – elevar med moderate vanskar bør kunne få den tilrettelegginga dei treng innafor ordinære rammer. I endringsarbeid på dette området er det viktig at kommunen heile tida har rettstryggleiken for den einskilde eleven for auge og ikkje gjennomfører tiltak som svekkar retten til spesialundervisning etter lovverket. Den spesialpedagogiske planen bør oppdaterast, og i det arbeidet må kommunen vurdere både dei ressursmessige og dei forvaltningmessige sidene ved dei tiltaka som blir valde, med tanke på å sikre rettstryggleiken.

Kommunen har ulike tiltak i gang på vaksenopplæringsfeltet, men det manglar planverk på dette området. Kommunen bør snarast utarbeide plan for vaksenopplæringa og i den samanhengen avklare både behov og rettar.

Kommunen er i gang med utarbeiding av ny skolebruksplan. Utdanningsdirektøren vil gjerne ha kopi av planen når han ligg føre.

AVSLUTTANDE MERKNADER

Utdanningskontoret fekk godt innsyn i utviklinga i skolesektoren gjennom kontaktbesøket.

Opplegget og gjennomføringa av besøket gav nyttig og god informasjon. Det var positivt å få møte elevrådsrepresentantar, og vi sette pris på at representanten frå FAU kunne delta gjennom heile besøket.

Statens utdanningskontor takkar Klepp kommune, Klepp ungdomsskole og Orstad skole for eit verdfullt og vel tilrettelagt kontaktmøte. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med utviklinga av skolen.